



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Hanne Melander, 5557 2265

Vår dato
21.01.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/885
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland
Hordaland fylkesskommune

Felles nasjonalt tilsyn 2014 på utdanningsområdet – informasjon om innretning og gjennomføring

Fylkesmannen skal i perioden 2014-2017 gjennomføre felles nasjonalt tilsyn på opplæringsområdet. Utdanningsdirektoratet har fastsett at tema for tilsynet er elevane sitt utbyte av opplæringa. Felles nasjonalt tilsyn 2014 - 2017 er delt inn i tre undertema:

1. Korleis skulen arbeider med elevane sitt utbyte i opplæringa
2. Forvaltningskompetanse (saksbehandlinga)
3. Skulebasert vurdering

Utdanningsdirektoratet har utarbeidd ei metodehandbok som fylkesmannsembeta skal følgje når tilsyna gjennomførast, sjå:

<http://www.udir.no/Regelverk/Tilsyn/Metode-for-tilsyn/>

Utdanningsdirektoratet har også utarbeidd rettleiingsmateriell som skuleeigarar og skular kan nytte for sjølv å vurdere om regelverket på området blir følgt. Dette kan nyttast saman med skjema for eigenvurdering, som er utarbeidd for skuleleiinga og for lærargruppa:

http://www.udir.no/Regelverk/Tilsyn/_Tilsyn/Rettleiingsmateriell-for-felles-nasjonalt-tilsyn-2014-2017/

Skuleeigar sitt ansvar

Målet med tilsynet er å kontrollere om skulen følgjer opplæringslova med forskrifter. Varsel om tilsyn vil bli sendt til kommunen, skuleeigar, som har det overordna ansvaret. Skuleeigar må ha eit forsvarleg system for å sikre at krava i opplæringslova og tilhørande forskrifter blir oppfylte. Rapport frå tilsynet blir også sendt til skuleeigar.

Innretninga av tilsynet

1. Førebuing

Våren 2014 skal nyttast til å førebu til tilsynsverksemda ved at Fylkesmannen vil informere og rettleie skuleeigarane om regelverket knytt til tilsynstema etter følgjande plan:

- Januar : Informasjon på www.fylkesmannen.no/hordaland og informasjonsskriv til skuleeigarane
- 10. og 11. mars: Samling for skuleeigarane på Solstrand
- 24. april : Felles formøte for dei kommunane som får varsel om tilsyn til hausten

- Kontaktmøte med alle skuleregionane
- Individuell kontakt (telefon, e-post) med skuleigarane

På samlinga 11. desember 2013 orienterte Fylkesmannen om felles nasjonalt tilsyn 2014-2017 og viste til rettleiingsmateriellet som Utdanningsdirektoratet har utarbeidd, mellom anna eigenvurderingsskjema. Eigenvurderingsskjema frå skulane er ein del av dokumentasjonen som FM skal be kommunane sende inn når tilsyn blir opna.

I førebuingfasen er det tenkt at eigenvurderinga skal medverke til utviklingsarbeid i kommunane og på skulane. Eigenvurderingsskjema knytt til skulen sitt arbeid med elevane sitt utbyte av opplæringa, er utarbeidd på begge målformer, med eitt skjema for leiinga ved skulen og eitt for lærargruppa ved skulen.

2. Gjennomføring av FNT – felles nasjonalt tilsyn

Hausten 2014 vil Fylkesmannen gjennomføre tilsyn med 6 kommunar:

1. 3 kommunar : Tema «Korleis skulen arbeider med elevane sitt utbyte i opplæringa» - skal gjennomførast som stadleg tilsyn med intervju.
2. 3 kommunar : Tema «Forvaltningskompetanse» skal gjennomførast som vurdering av skriftleg dokumentasjon.

Dei aktuelle kommunane og skulane blir vil få varsel om tilsyn frå Fylkesmannen i midten av mars 2014, og samstundes bli invitert til eige formøte 24. april 2014.

Erfaringsdeling

Fylkesmannen vil drøfte med kommunane korleis det best kan leggjast til rette for erfaringsdeling undervegs i tilsynsperioden 2014-2017. Det er planlagt ei samling for kommunane i desember 2014, der tilsynskommunane og Fylkesmannen vil oppsummere erfaringar frå førebuinga og gjennomføringa av tilsyna hausten 2014.

Med helsing

Anne Hjermann e.f.
utdanningsdirektør

Hanne Melander
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.